



Kristian O. Bringedal viser fram t-skjorter med skiltlogoen.

**Mange la merke til at fleire stilte i nye t-skjorter med HSD-logo og Uskedal på brystet under bøkkekvalden på Rød sist laurdag. Fleire har i ettertid vist interesse for desse t-skjortene, og dei har spurt etter kor dei kan få kjøpt dei. Kristian O. Bringedal kan fortelje at dei kan kjøpast på internett, hos [www.ferjekiosken.no](http://www.ferjekiosken.no).**

Uskedal var rutestopp for HSD alt frå tidleg på 1860-talet. Kaien kom i 1870-åra. Dampskipskaien låg då i Beinavikjo og var einerådande fram til Myklebust kai kom på 1930-talet. Den låg på Sanden, og vart i daglegtalen heitande Sandakaien.

Fram til tidleg 1970-tal var det såleis to stoppestader i Uskedalen. På sjøbua i Beinavikjo var det gamle skiltet godt synleg heilt til bua vart riven for om lag 10 år sidan.

Dampskipskaien i Beinavikjo vart nedlagt ved årsskiftet 1973/74, og Myklebust kai overtok då namnet Uskedal. Malen for den logoen, som vert nytta på t-skjorta, er henta frå det «nye» skiltet på Sanden.

T-skjortene er å få i 5 ulike fargar: svart, raud, kvit, marineblå og royal blå(lyseblå). Dei kostar 199 pr. stk, og ein kan tinga dei ved å gå inn på denne linken: <http://ferjekiosken.no/butikk/tekstiler/hsd-t-skjorter-stoppestedskilt/kvinnherad>

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.